

Jul på Ulla i 1949

Johan Bernt Ulla skriv om juleminnet sitt frå 1949

Jula 1949 feira far om bord i Kosmos V på veg til Sør-Ishavet for å fange kval. Under feiringa skildra han i si dagbok korleis han hugsa julefeiringa heime på Ulla då han voks opp:

"Og mine egne julekveldar passerer revy, julekvelden i gamlestova, juletreet, pyntinga, julegåvene, luskande føter kring husveggene - gutfantar som skulde ta tenestegjenta "på dungen". Han Myre som kjem med posten og vert stormande sinna av di kjøkendøra er låst. Stakkars mann! Det var visst ikkje ofte jul for deg! Eg ser han godfar sit der med skjelvande hender og mimrande astmatisk andedrag og høyrer på songen kring treet. Og ho godmor fortel om Jesus-barnet, tolkar og greider ut med sin skarpe logiske sans og si gode kombinasjonsevne. "Det er ikkje sagt me er saman ei anna jul," sa ho alt då. - Jau, ho levde til sitt 88. år. Velsigna vere Dykkar minne, kjære godmor og godfar! 1. juledag kom så Eirikfolket frå Åkre på vitjing, jubel og glede frå morgon til kveld i 2-3 lange innhaldsrike dagar. Juletreffest på skulehuset, opplesing, song, appelsinar og målamenn og skalkefest dagen etterpå. - Nyårsaftan med ny steik, rammel og skrammel etter vegane og ned mellom husa, eit lite glimt bak flagga på "scena" på skulehuset der Pittersen og Spjelkavik m.fl. har generalprøve til ungdomsfesten som er tabu for oss ungane. - Endå varer juledrikkinga nokre dagar, kringler og rosinkaker, spekekjøtt og mør, syltaflesk og godkaker - ein vart bra proppa i magen før jula var omme, og diverre ho gjekk så altfor fort. Så var det skulegang og lekser att, ein liten smak av steik trettandaftan og tjuganda aftan etter gamal skikk, og så var det heile forbi, grantreet tok til å felle nålene, det vart store dungar for dag på slutten, og så ein vakker dag hamna det nede på torvlaget. Så vart eg vaksen og kom ut på skule, det var heim til jul som ein rik lovnad kvart år. Og eg vart sjeldan vonbroten. Mange, mange julehelgar i koseleg lag saman med kameratar heime, fester og kav, suksess og glede. Jula 1940 hugsar eg særst godt.

Me planla festen andre juledag om kvelden, og tida vart sett til nyårsdag. Det vart arbeidt intenst dei dagane, og det vart fest. At han Jo-Petter hadde reist til Gamlem utan å ane nokon ting, og at han fekk ein ekstra liten smekk i spelstykket halv åtte, hugsar eg også. Etter nyår for me til Longva med programmet under fotballen som symbol - stormande suksess. Han Borgar-Ole tok opp same programmet og for rundt Nordøyane med det i 1941. - Dei fylgjande åra vart ungdomsflokken splitta, og ei daud nåma hand låg og skilde i det tidlegare kameratskapet. Det siste krampesparket vart gjort i 1944 og så var det slutt."